

Ingebjørg med 11 av 31 mål

01.08.2011



Fint å ha Ingebjørg heime att, seier Elise (5 1/2) og Torbjørn (6 1/2). Alle spelarane fekk rose då dei kom heim med båten i føremiddag.

Uskedalens multitalent Ingebjørg Haugland (16) er heime att etter nok ein gong å ha imponert med sine prestasjonar. Denne gongen galdt det Dana Cup, der ho som ein av dei to spissane har scora 11 av 31 mål og i høgste grad bidratt til at det vart B-finaleplass for Rosendal.

Sjølv freistar ho, som ho plar gjera, å bagatellisera prestasjonen ved å visa til den andre spissen, Julie Skeie Olsen (14) som sette inn 10 mål. Og ho viser til at dei andre spelarane sendte henne mange fine pasningar.

Mor Svanhild må supplera.

- Å, det er no ingen tvil om at du har målteft, det viste du tidleg!

At det vart B-sluttspel for Rosendal var ein langt betre prestasjon enn også dei sjølv hadde venta.

- Vi vart bettre og betre etter kvart som turneringa vart avvikla, seier Ingebjørg og er god mot to småsøsken som er glade for at storeyster er heime att.

Ho rekapitulerar dei 8 kampane: I gruppespellet vann Rosendal 10-0 over Tønsberg, 2-0 over volda og 6-0 over Ullensaker/Kisa, men tapte

0-1 for det tyske laget Eintracht. Dermed vart det B-sluttspel fordi det var dei 2 beste som gjekk til A-finalen. I åttandedelsfinalen vann Ingebjørg & co 5-0 over Vind, medan det vart 4-2 over Solberg i kvartfinalen og 5-1 over Namset i semifinalen.
Men i finalen stoppa det, etter 1-2 mot Hinna.

Ingebjørg fortel at det røyna kraftig på med mange skader, men lagleiar Maylin Kristiansen, trenar Magna Skår og foreldrerepresentant Hilde Bjørke lappa dei saman og sende dei utpå att. Dei 3 er på si side rase med rosen til jentene, som var kjeprekjekke og imponerte både på og utanfor bana.

Ingebjørg tykkjer at Dana Cup var ei kjekk oppleving også fordi banene var flotte og veret framifå. At dei overnatta i eit trångt klasserom gjorde ingenting.

- Kor mange mål har du gjort dette året, Ingebjørg?
- Eg teller ikkje måla, er det typiske svar frå jente med sommarjobb hos Hjønnenvåg som ho no skal innom før ho dreg til 3 dagers skiskule på Nordmøre med elitefolk som instruktørar.
Så ventar KVV der ho skal gå på ålmenfag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var stor stas på kaia i Rosendal då jentene kom i føremiddag (Foto: Arvid Nes)